



Fjell kommune,
Postboks 184, 5342 STRAUME

Sund kommune,
Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG

Øygarden kommune,
Ternholmvegen 2, 5337 RONG

Dato: 11.12.2015
Vår ref.: 2014/19439-61
Saksbehandlar: arnasan

Tannhelsetenesta - klinikkstrukturplan 2015 - 2030

Fylkestannlegen har utarbeidd ein klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland. Planen har vore på høyring til alle kommunar og aktuelle organisasjonar.

Målet er at klinikkstrukturplanen skal bli politisk handsama i fylkestinget i mars 2016. Før den tid vil fylkestannlegen tilby eit orienterings- og drøftingsmøte til alle kommunar der det er forslag om endringar i klinikkstruktur og tenestetilbod.

Fylkestannlegen inviterer med dette Fjell kommune, Sund kommune og Øygarden kommune til eit orienterings- og drøftingsmøte **torsdag 7. januar 2016 kl 10 – 1130 på fylkestannlegen sitt kontor i fylkesbygget, Agnes Mowinckelsgt 5.**

Temaet er tannhelsetenesta sin framtidige klinikkstruktur på Sotra.

Fylkestannlegen ser for seg at kvar kommune kan delta med inntil 2 representantar. Frå tannhelsetenesta deltek overtannlege i Vest tannhelsedistrikt Mette Vallentinsen, seniorrådgjevar Torunn Gaarden og fylkestannlegen.

Ved spørsmål, eller for tilbakemelding om deltaking på møtet kan fylkestannlegen kontaktast på e-post: arne.asan@hfk.no – eller på telefon 416 67 678.

Vel møtt!

Arne Åsan
fylkestannlege

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.